

Revidert lokal grunnordning for hovudgudstenesta Ellingsøy kyrkjelyd (2021)

Begrepsavklaring

Med «lokal grunnordning» siktes det til menighetens fastsatte lokale grunnordning for hovedgudstjenesten. Hver menighet skal ha en lokal grunnordning. Med «hovedgudstjeneste» menes menighetens hovedsamling på søn- og helligdager, slik det er forordnet av biskopen. Feiring av hovedgudstjenesten etter denne ordningen, med faste og valgfrie ledd, er utgangspunktet for det lokale gudstjenesteliv. Hovedgudstjenesten er menighetens hovedsamling og kan ikke velges bort, men kan holdes som høymesse, familiemesse, familiegudstjeneste, ungdomsgudstjeneste e.l.

Bakgrunn for arbeidet

I 2011 ble det vedtatt ny gudstjenestereform. I likhet med alle andre menigheter i Den norske kirke, utarbeidet og vedtok Ellingsøy sin lokale grunnordning og biskopen godkjente at denne var i overensstemmelse med den nye gudstjenesteboken. Grunnordningen ble innført høsten 2012. Da ny gudstjenestereform ble vedtatt i 2011 ble det varslet en evaluering noen år frem i tid. Saken som nå heter «justert ordning for hovedgudstjenesten» er resultatet av denne evalueringen. I korte trekk sa evalueringen at den gode intensjonen med at gudstjenesten skulle bli mer «stedegen, fleksibel og involverende» også hadde noen utfordringer. Den justerte ordningen for hovedgudstjenesten legger samlet sett større vekt på trygghet og gjenkjennelse for å ivareta mulighetene for en god involvering av alle som samles til gudstjeneste. Noe av valgfriheten strammes altså inn, men samtidig styrkes og videreføres fleksibilitet på andre områder, bl.a. når det gjelder bønner, forbønn og nattverdordningen.

Alle sokn er bedt om å gjøre endringer i sin lokale grunnordning for hovedgudstjenesten, slik at den er i tråd med ny justert ordning, med opprinnelige frist 1. søndag i advent 2020. Utsatt frist 1. pinsedag (23. mai) 2021. Før soknerådet gjør endelig vedtak av den justerte lokale grunnordningen, skal den legges frem for soknemøtet og kirkens ansatte for innspill.

Prosess og resultat

Ellingsøy sokneråd utnevnte et gudstjenesteutvalg for å utarbeide et forslag til justert grunnordning. Gudstjenesteutvalget består av Lisa Grøtting (*SR-medlem*), Lars Lothe (*SR-medlem*), Oddvar Bjørge (*SR-medlem*), Emma Vikenes, Jann Elling Koppen (*kantor*) og Ida Marie Weltzien (*sokneprest*).

Gudstjenesteutvalget (GUV) har forsøkt å se prosessen i sammenheng med annet pågående arbeid i menigheten. Utvalget har foreslått formuleringer og melodier en tror vil passe menigheten godt, som har et moderne språk, melodier som vil fungere både med orgel, band og andre instrumenter, som formidler det sentrale kristne budskapet på en forståelig måte og som bidrar til å nære det kristne livet i og utenfor gudstjenesten. I et mangfold av alternativer har utvalget etterstrebet en helhetlig gudstjenesteordning. Utvalget har også forholdt seg til biskopens kommentarer til godkjent ordning fra 2012.

Det er gjort endringer i følgende ledd: Samlingsbønn, syndsbekjennelse, kyrie (*bønnerop*), gloria (*lovsang*), minning, forbønn og menighetssvar, nattverd og utsending. Det er også lagt inn flere muligheter til f.eks. musikkinnslag/stillhet og bruk av alternative liturgier ved spesielle gudstjenester eller kirkeårstider. Flere av endringen som er gjort er ikke foreslått av GUV, men allerede bestemt i den justerte ordningen og dermed ikke valgfrie. Ikke alle endringene er av merkbar størrelse. Den mest merkbare endringen som er gjort er knyttet til de liturgiske musikkleddene. GUV foreslår å bruke Allmenn serie 2, som for mange vil være

nye melodier. De liturgiske leddene som blir påvirket av denne endringen er kyrie (*bønnerop*), gloria (*lovsang*), sanctus (*heilag, heilag, heilag*) og agnus Dei (*Du Guds lam*). Det er også foreslått nytt menighetssvar til forbønnen.

Endringer er merket med * i overskriften.

Innføring og bruk

Den justerte grunnordningen for hovedgudstjenesten åpner for stor grad av involvering, både i forberedelser og gjennomføring. De liturgiske musikkleddene er valgt med tanke på å kunne bruke både orgel og/eller andre instrumenter. Det er fremdeles store muligheter for involvering av kor eller mindre forsangergrupper, både på høytidsdager og på mer alminnelige søndager. GUV har ønsket en gudstjenesteordning som kan brukes både i høymessen, på familiegudstjenester, ungdomsgudstjenester, kveldsgudstjenester og temagudstjenester. Det er likevel mulighet for å avvike fra grunnordningen ved spesielle gudstjenester.

Nye formuleringer og melodier vil ta tid å bli fortrolig med for en hel menighet. Det er derfor nødvendig å tenke seg en innføringsperiode der en gjør nødvendige vurderinger til beste for menigheten. For en best mulig innføring av justert ordning er det ønskelig å ta i bruk ekstra ressurser i form av forsangere, kor, instrumenter e.l. Selv om menigheten er vant med å bruke skjerm (i stedet for programark og salmebok), kan det være nødvendig med bruk av programark med noter i en innføringsperiode. I innføringsperioden vil det vurderes å starte gudstjenesten med en kort øving av nye liturgiske musikkledd.

GUV foreslår en evaluering når den justerte ordningen har vært i bruk i menigheten en stund.

Vedlegg (*vil bli lagt til*)

- Referat soknemøte 22. april 2021
- Referat soknerådsmøte 6. mai 2021

Gudstjenesteutvalget, Ellingsøy sokn, 13.04.2021

L = Liturg ML = Medliturg K = Kyrkjelyd A = Alle
I. SAMLING
1 Førebuing
Kyrkjerommet er ope ei stund før gudstenesta, med høve til å vera stille, tenna lys og be. <i>Klokkeringing</i> <i>Førebuing</i> Kort informasjon om gudstenesta ved medliturg. Namn på dåpsbarn(a) kan nemnast her. Informasjonen blir avslutta med: ML Lat oss vera stille for Gud <i>Kort stille stund</i> <i>3 klokkeslag</i>
2 Inngangssalme
<i>Preludium eller forspel til salme</i> Som preludium kan det òg framførast vokal- eller instrumentalmusikk. Til vanleg blir dette gjort som forspel til salmen. Som hovudregel er det inngangsprosesjon under preludiet. Prosesjonskors blir da bore fremst i prosesjonen. Deretter to lys. Ein kan også bera inn tekstbok/Bibel, nattverdselementa, blomster eller liknande. <i>Inngangssalme</i> Kyrkjelyden står under prosesjon, inngangssalme og helsing – også når det ikkje er prosesjon.
3 Helsing
Kyrkjelyden står. L Kjære kyrkjelyd: L Nåde vere med dykk og fred frå Gud, vår Far, og Herren Jesus Kristus. Kyrkjelyden set seg.
4 Samlingsbøn *
L/ML Lat oss be. ML Gode Gud, du som gjev liv til alt som lever, vi prisar deg for alt det vakre på vår jord, og for alt som lèt oss kjenna at du er god. Her for ditt andlet bed vi: Gjev oss lyttande øyre, takksame hjarte og tenande hender, så vi kan høyra ordet ditt, lovprisa deg for di miskunn, og i ord og gjerning vitna om dine storverk. (Alt. 3) ML Gud vi bed A Amen.
5 Syndsvedkjenning *
Synsvedkjenninga blir innleidd med: L I tillit til Guds nåde vil vi be om tilgjeving. (Alt. 4) A Gud, du kjenner og elsker oss alle.

**Du vil vi skal ta vare på kvarandre
og på jorda.
Vi veit at vi sviktar og gjer deg imot.
Tilgjev oss og hjelp oss,
for Jesu skuld. (Alt. C)**

Lovnadsord

L| Guds ord seier: dersom vi sannar syndene våre, er han trufast og rettferdig, så han tilgjev oss syndene og reinsar oss for all urettferd. 1 Joh 1,9 (Alt. 1)

6 | Bønerop Kyrie *

Kyrie blir sunge.

**A | Kyrie eleison. Miskunna deg over oss.
Kriste eleison. Miskunna deg over oss.
Kyrie eleison. Miskunna deg over oss.**
(Allmenn serie 2 – ny melodi)

På høgtidsdagar kan Allmenn serie 1 (kjent melodi) nyttast. Ved særlege høve kan ein velje å nytte festtidsserie.

7 | Lovsong Gloria *

Gloria blir sunge.

Gloria kan utelatast i fastetida.

L/ML | Ære vere Gud i det høgste

K | og fred på jorda blant menneske som Gud har glede i. Vi lovar deg, vi prisar deg, vi tilbed deg, vi opphøgjer deg. Ved kort form: Amen.
(Allmenn serie 2 – ny melodi)

Kan også nytta fullstendig form (Laudamus):

ML| Lova vere Gud, vår skapar, vi jublar over dine verk.

K | Vi lovar deg, vi prisar deg, vi tilbed deg, vi opphøgjer deg.

ML| Lova vere Jesus, vår frelsar, du viser oss vegen til liv.

K | Vi lovar deg, vi prisar deg, vi tilbed deg, vi opphøgjer deg.

ML | Lova vere Anden, vår trøystar, du fyller oss med glede og fred.

K | Vi lovar deg, vi prisar deg, vi tilbed deg, vi opphøgjer deg. Amen.

(Allmenn serie 2 – ny melodi)

På høgtidsdagar kan Allmenn serie 1 (kjent melodi) nyttast. Ved særlege høve kan ein velje å nytte festtidsserie.

Dersom det er dåp i gudstenesta kjem den her:

DÅP (ordning 2017)

1 | Mottaking til dåp

L | I namnet åt Faderen og Sonen og Den heilage ande.

Ved dåp av born:

Med takk og glede kjem vi i dag med *dette barnet/desse borna* til Gud i den heilage dåpen. I dåpen tek Gud imot oss og sameinar oss med den krossfeste og oppstadne Jesus Kristus.

Ved dåp av større born, unge eller vaksne:

Med takk og glede kjem vi i dag med *NN/dykk* til Gud i den heilage dåpen. I dåpen tek Gud

imot oss og sameinar oss med den krossfeste og oppstadne Jesus Kristus.

L | For så elska Gud verda at han gav Son sin, den einborne, så kvar den som trur på han, ikkje skal gå fortapt, men ha evig liv. *Joh 3,16*

L | Høyr kor venleg Jesus tek imot borna og opnar Guds rike for dei:

Ein i dåpsfølgjet, ein annan medliturg eller liturgen les teksten:

L/ML | Dei bar småborn til Jesus for at han skulle røra ved dei, men læresveinane viste dei bort. Då Jesus såg det, vart han sint og sa til dei: «Lat småborna koma til meg og hindra dei ikkje! For Guds rike høyrer slike til. Sanneleg, eg seier dykk: Den som ikkje tek imot Guds rike slik som eit lite barn, skal ikkje koma inn i det.» Så tok han dei inn til seg, la hendene på dei og velsigna dei. *Mark 10,13–16*

Ved dåp av større born, unge eller vaksne kan evt. ein av desse tekstane koma i staden:

L | Høyr kva apostelen Paulus seier om dåpen:

L/ML | Det vart openberra kor god vår Gud og frelsar er, og kor han elskar menneska: Han frelste oss, ikkje fordi vi hadde gjort rettferdige gjerningar, men fordi han er miskunnsam. Han frelste oss ved badet som gjenföder og fornyar ved Den heilage ande, som han så rikeleg har aust over oss ved Jesus Kristus, vår frelsar, så vi skulle blir rettferdige ved hans nåde og bli arvingar til det evige livet, som er vår von. *Tit 3,4-7*

Eller:

L | Jesus seier at vi blir fødde på nytt i dåpen:

L/ML | Det var ein mann som heitte Nikodemus. Han var farisear og sat i Rådet til jødane. Han kom til Jesus om natta og sa: «Rabbi, vi veit at Du er ein lærer som er komen frå Gud, for ingen kan gjera dei teikna Du gjer, utan at Gud er med han.» Jesus svara og sa til han: «Sanneleg, sanneleg, eg seier deg: Den som ikkje blir fødd på nytt kan ikkje sjå Guds rike.» Nikodemus seier til han: «Korleis kan ein som er gammal, bli fødd? Ein kan vel ikkje koma inn i morslivet igjen og blir fødd andre gongen?» Jesus svara: «Sanneleg, sanneleg, eg seier deg: Den som ikkje blir fødd av vatn og Ande, kan ikkje koma inn i Guds rike.» *Joh 3,1-5*

Eller:

L | Høyr kva apostelen Paulus seier om dåpen:

L/ML | Veit de ikkje at alle vi som vart døypte til Kristus Jesus, vart døypte til døden hans? Vi vart gravlagde med han då vi vart døypte med denne dåpen til døden. Og slik Kristus vart oppreist frå dei døde ved sin Fars herlegdom, skal vi òg vandra i eit nytt liv. Har vi vakse saman med Kristus i ein død som er lik hans, skal vi òg vera eitt med han i ei oppstode som er lik hans. Vi veit at vårt gamle menneske vart krossfest med han, for at den kroppen som er underlagt synda, skulle gjerast til inkjes og vi ikkje lenger skulle vera slavar under synda. For synda har ikkje lenger nokon rett over den som er død. Men er vi døde med Kristus, trur vi at vi òg skal leva med han. *Rom 6,3-8*

L | Lat oss takka og be:

L | Evige Gud, du som gjev liv til alt som lever, og har skapt oss i ditt bilete: Vi takkar deg for NN/NN (*fornamn*) som i dag skal bli døypt/døypte. Ho/Han/Dei er dyrebar(e) i dine auge. Ver hos *henne/han/dei* med din kjærleik og gje *henne/han/dei* ein heim i di kyrkje. Amen.

2 | Dåpssalme

Ein dåpssalme kjem anten her, før mottaking til dåp, før fadderansvaret eller som avslutning på dåpshandlinga. Dåpssalmen kan ein dela opp og syngja på fleire av desse stadane i dåpsliturgien. Det kan òg vera korsong, solosong eller instrumentalmusikk på ein av desse stadene.

3 | Dåpsbefalinga

L | Lat oss høyra Jesu ord og bod om den heilage dåpen:

Ein i dåpsfølget, ein annan medliturg eller liturgen les teksten:

L/ML | Eg har fått all makt i himmelen og på jorda. Gå difor og gjer alle folkeslag til læresveinar: Døyp dei til namnet åt Faderen og Sonen og Den heilage ande og lær dei å halda alt det som eg har bode dykk. Og sjå, eg er med dykk alle dagar så lenge verda står. **Matt 28,18–20**

4 | Fadderansvaret

Ved dåp av born:

L | Vil foreldre og fadrar reisa seg.

De skal vera vitne om at *barnet/desse borna* er *døypt/døypte* med den kristne dåpen. Saman med kyrkjelyden vår og heile kyrkja får de del i eit heilagt ansvar: å visa omsorg for *henne/han/dei*, be for *henne/han/dei*, læra *henne sjølv/han sjølv/dei sjølve* å be og hjelpa *henne/han/dei* til å bruka Guds ord og delta i den heilage nattverden, så *ho/han/dei* kan leva og veksa i den kristne trua.

Ved dåp av større born, unge eller vaksne:

L | Vil (foreldre og) fadrar reisa seg.

De skal vera vitne om at *NN/desse* er *døypt/døypte* med den kristne dåpen. Saman med kyrkjelyden vår og heile kyrkja får de del i eit heilagt ansvar: å visa omsorg for *henne/han/dei*, be for *henne/han/dei* og hjelpa *henne/han/dei* til å bruka Guds ord og delta i de heilage nattverden, så *ho/han/dei* kan leva og veksa i den kristne trua.

5 | Forsakinga og trua (Credo)

Ved dåp av born:

L | Lat oss saman vedkjennast forsakinga og trua, som vi blir døypte til.

Alle reiser seg.

Ved dåp av større born, unge eller vaksne:

L | Vil du saman med denne kyrkjelyden vedkjennast forsakinga og trua som vi blir døypte til?

Dåpskandidaten | Ja.

Dåpskandidaten kan om nødvendig her og ved dåpshandlinga gje stadfestande svar på andre måtar enn med verbalt språk. Dei som sjølv kan svara på spørsmålet, blir først spurde. Når alle har svara, seier liturgen:

L | Lat oss saman vedkjennast forsakinga og trua.

Alle reiser seg.

A | Eg forsakar djevelen og alle hans gjerningar og alt hans vesen.

Eg trur på Gud Fader, den allmektige, som skapte himmel og jord.

**Eg trur på Jesus Kristus, Guds einborne Son, vår Herre,
som vart avla ved Den heilage ande, fødd av Maria møy,
pint under Pontius Pilatus, vart krossfest, døydd og vart gravlagd,**

**fór ned til dødsriket, stod opp frå dei døde tredje dagen,
fór opp til himmelen, sit ved høgre handa åt Gud,
den allmektige Fader, skal koma att derifrå og dømme levande og døde.**

**Eg trur på Den heilage ande, ei heilag, allmenn kyrkje,
eit samfunn av dei heilage, forlating for syndene,
oppstoda av lekamen og evig liv. Amen.** *Den apostoliske truvedkjenninga*

6 | Dåpshandlinga

Bøn ved døypefonten

L | Miskunnsame Gud, vi takkar deg for at dåpsvatnet ved ditt ord er ei nådekjelde, der du tilgjev oss vår synd, frelsar oss frå dødens makt og gjev oss lovnad om det evige livet. Send din Ande, så *ho/han/dei* som blir *døypt/døypte*, blir *reist/reiste* opp til det nye livet med Jesus Kristus, vår Herre.

Mellom kvar dåp kan ein syngja eit vers frå ein høveleg salme (dåpssalmen).

Dåpsfølget (oftast beståande av dåpsbarnet, foreldre og fadrar) kjem fram til døypefonten. Ein i dåpsfølget tek evt. av dåpslua.

Ved dåp av born:

L | Kva heiter barnet?

Den som ber barnet, seier fornamnet på barnet.

L | Vil de at *NN* skal døypast til namnet å Faderen og Sonen og Den heilage ande og oppsedast til eit liv i den kristne forsaking og tru?

*Den som ber barnet, foreldre/føresette og fadrane svarar: **Ja.***

Ved dåp av større born, unge eller vaksne:

L | Kva heiter du?

Den som skal døypast, svarer sjølv ved å seie fornamnet sitt. Om nødvendig kan ein annan seia namnet.

L | *NN*, vil du bli døypt til namnet åt Faderen og Sonen og Den heilage ande og leva i den kristne forsakinga og trua?

*Den som skal døypast, svarar: **Ja.***

Liturgen vender seg mot andletet til barnet/dåpskandidaten og bed bønå.

L | Gud vare din utgang og din inngang frå no og til evig tid.

Eg teiknar deg med det heilage krossmerket **+** til vitnemål om at du skal høyra den krossfeste og oppstadne Jesus Kristus til og tru på han.

L | *NN*, etter vår Herre Jesu Kristi ord og bod døyper eg deg til namnet åt Faderen og Sonen og Den heilage ande.

Medan dette blir sagt, auser liturgen med handa rikeleg med vatn over hovudet til den som blir døypt, tre gonger.

Liturgen legg, gjerne saman med fadrane, handa på hovudet til den døypte og seier:

L | Den allmektige Gud har no gjeve deg sin heilage Ande,

fødd deg på nytt og teke deg inn i sin truande kyrkjelyd.

Gud styrkje deg med sin nåde til det evige livet.

Fred vere med deg.

Ein vender barnet mot kyrkjelyden og kan lyfta det opp. Større born, unge eller vaksne vendar seg mot

kyrkjelyden. Ein seier følgjande ord:

L | Dette er *NN*, Guds barn, døypt inn i vår kyrkjelyd og Kristi verdsvide kyrkje.

Etter kvar dåp og presentasjon kan ein tenna eit lys. Lyset kan gjerne tennast av ein i dåpsfølgjet. Liturgen seier:

L | Eit lys er tend for *NN*.

Ein kan synge eit vers av dåpssalmen før neste dåpsfølge kjem fram.

Når alle dåpslysa er tende, seier liturgen:

L | Jesus seier: «Eg er lyset i verda. Den som følgjer meg, skal ikkje vandra i mørkret, men ha livsens lys.» Joh 8,12

7 | Bøn og lovprising

Som hovudregel brukas alternativ A. Sjå dei andre alternativa i *Ordning for dåp i hovudgudstenesta*.

L | Lat oss takka og be.

L/ML | Trufaste Gud, vi takkar deg for dåpen,
der du tek imot oss og kallar oss med namn.

Vi bed for *NN/borna/dei* som er døypt/døypte i dag.

Ver med *henne/han/dei* gjennom livet
og vara *henne/han/dei* i dåpens nåde.

Styrk foreldra og fadrane i oppgåva dei har fått.

Gud, høyr vår bøn.

Fadervår blir sagt fram. Dersom det er nattverd i gudstenesta, kan Fadervår utelatast her.

L | Lat oss saman be den bøna Jesus har lært oss:

A | **Vår Far i himmelen.**

Lat namnet ditt helgast.

Lat riket ditt koma.

Lat viljen din råda på jorda slik som i himmelen.

Gjev oss i dag vårt daglege brød,

og tilgjev oss vår skuld,

slik vi òg tilgjev våre skuldnarar.

Og lat oss ikkje koma i freisting,

men frels oss frå det vonde.

For riket er ditt og makta og æra i all æve.

Amen.

L| Lova vere Gud, vår Herre Jesu Kristi Far, han som i si store miskunn har
fødd oss på nytt til ei levande von ved Jesu Kristi oppstode frå dei døde! 1 Pet 1,3

Dåpsliturgien blir evt. avslutta med salmesong, instrumental eller korsong.

8 | Dagens bøn *

Som hovudregel nyttast ikkje dagens bøn. Ved særlege høve kan dagens bøn nyttast. Ein kan nytta dagens bøn etter preika dersom ein ser det som høveleg.

Bøna blir innleidd med:

L | Lat oss alle be.

Bøna blir avslutta med:

K | Amen.

Sjå dagens bøn her: [dagens_boenn_nynorsk.pdf \(kirken.no\)](#)

Søndagsskule / Aktivitet for born

Dersom det er søndagsskule, eller anna tilrettelagt opplegg for born, går dei samla ut her. Evt. song, skattekiste eller liknande først.

II. ORDET

9 | Første lesinga

Frå Det gamle testamente.

Kyrkjelyden sit under lesinga.

Lesinga blir innleidd med:

ML | Det står skrive hos/i ...

Lesinga sluttar med:

ML | Slik lyder Herrens ord.

10 | Salme / Bibelsk salme *

Salme eller bibelsk salme mellom tekstlesingane. Det kan også framførast korsong eller vera stilt ei kort stund mellom lesingane.

11 | Andre lesinga

Frå Det nye testamentet utanom evangelia.

Kyrkjelyden sit under lesinga.

Lesinga blir innleidd med:

ML | Det står skrive hos/i ...

Lesinga sluttar med:

ML | Slik lyder Herrens ord.

12 | Evangelium

Evangelielesinga blir innleidd med eit hallelujaomkvede.


I fastetida byttes hallelujaomkvede ut med *Ditt ord er ei lykt for min fot, N13: 923 / 924*

Evangelieprosesjon ved særlege høve.

Hallelujaomkvede N13: 977.6

Kyrkjelyden reiser seg.

Blir normalt sunge ein gong før og ein gong etter evangelielesinga.



T Utrykk frå Bibelen. M Jacques Berthier. S Komponisten

*Evangelielesing**Kyrkjelyden står under lesinga.**Lesinga blir innleidd med:***L** | Det står skrive i evangeliet etter ...*Lesinga sluttar med:***L** | Slik lyder det heilage evangeliet.*Organisten kan intonere mot slutten av evangelielesinga, dersom det er ynskjeleg.**Respons**Hallelujaomkvede blir teke oppatt.**På førstedagar kan ein syngja eit høgtidsvers som respons.**Kyrkjelyden set seg.***13 | Preike ****Predikanten preikar over Evangelieteksten eller annan oppsett preiketekst.**Preika kan avsluttast med Dagens bøn eller lovprising.**Etter preika kan det gjerne vera ei stille stund, ein kort salme eller meditatív musikk.***14 | Truvedkjenning Credo***Truvedkjenninga blir sunge eller sagt fram. Normalt blir den sagt fram.**Dersom dåp, utgår truvedkjenninga her. Ein kan evt. nytte truvedkjenningssalme her, dersom dåp.**Kyrkjelyden står under truvedkjenninga.***ML/L** | Lat oss vedkjennast vår heilage tru.*(Liturg kan legge til: «...slik den har blitt uttrykt gjennom kyrkja si historie».)**Kyrkjelyden reise seg.***A** | **Eg trur på Gud Fader, den allmektige,
som skapte himmel og jord.**

**Eg trur på Jesus Kristus,
Guds einborne Son, vår Herre,
som vart avla ved Den heilage ande,
fødd av Maria møy,
pint under Pontius Pilatus,
vart krossfest, døydde og vart gravlagd,
før ned til dødsriket,
stod opp frå dei døde tredje dagen,
før opp til himmelen,
sit ved høgre handa åt Gud, den allmektige Fader,
skal koma att derifrå
og døma levande og døde.**

**Eg trur på Den heilage ande,
ei heilag, allmenn kyrkje,
eit samfunn av dei heilage,
forlating for syndene,
oppstoda av lekamen
og evig liv.**

Amen. *Den apostoliske truvedkjenninga (Apostolicum)*

På høgtidsdagar, og ved andre særlege høve, kan Den nikenske truvedkjenninga nyttast (den kan òg syngast):

**A | Vi trur på éin Gud,
den allmechtige Far,
som har skapt himmel og jord,
alt synleg og usynleg.**

**Vi trur på éin Herre, Jesus Kristus,
Guds einborne Son,
fødd av Faderen før alle tider,
Gud av Gud, lys av lys,
sann Gud av sann Gud,
fødd, ikkje skapt,
av same vesen som Faderen.**

Ved han er alt skapt.

**For oss menneske og til vår frelse
steig han ned frå himmelen,
og ved Den heilage ande og av Maria møy
blei han menneske av kjøt og blod.**

**Han vart krossfest for oss under Pontius Pilatus, leid og vart gravlagt,
stod opp tredje dagen etter Skriftene
og fór opp til himmelen,
sit ved høgre handa åt Faderen,
skal kome att i herlegdom
for å døma levande og døde,
og hans rike skal vera utan ende.**

**Vi trur på Den heilage ande,
som er Herre og gjer levande,
som går ut frå Faderen og Sonen,
som vert tilbeden og æra saman med Faderen og Sonen,
og som har tala gjennom profetane.**

Vi trur på éi heilag, allmenn og apostolisk kyrkje.

**Vi vedkjennest éin dåp til forlating for syndene
og ser fram til oppstoda av dei døde
og eit liv i den komande verda.**

Amen. Den nikenske truvedkjenninga (*Nicenum*)

15 | Salme

Evt. musikk. Gjerne knytt til preika.

Kan utelatast dersom ein syng truvedkjenninga eller ein truvedkjenningssalme.

16 | Kunngjeringar *

Ein bør avgrense kunngjeringane til å dreie seg om offerinformasjon og annan relevant informasjon for kyrkjelyden som eignar seg å formidle i gudstenesta. Kunngjeringane formidlast samstundes skriftleg på skjerm, dersom dette vert nytta i gudstenesta.

Kunngjeringane blir ev. avslutta med minning:

Minning

L/ML | Vi reiser oss og minnest dei i kyrkjelyden vår som det er halde gravferd for (sidan sist vi var samla).

Kyrkjelyden reiser seg.
Medliturg eller liturg les opp namna på dei døde (fullt namn).
Kort stille stund (5-10 sek).

L/ML | No er livet gøymt hos Gud. Vi overgjev alt til han. Håpet er tent i liv og død. Ingen er gløymd av Gud. (N13: 872,5 – her omsett til nynorsk, T: Svein Ellingsen)

L/ML | Miskunnsame Gud, trøyst dei sørgjande og ver dei nær i tida som kjem.
Kyrkjelyden set seg.

17 | Forbøn for kyrkja og verda *

Ein kan gjerne involvere fleire enn medliturg i forbøna (diakon, konfirantar, andre).
Ein kan velja å nytte Forbøn 4 (ferdig formulert forbøn) eller ein aktuelt tilpassa bøn skrevet til den enkelte gudsteneste (formulert av liturg f.eks.) eller anna formulert bøn som passar i den aktuelle gudstenesta.

Kvart bøneavsnitt blir avslutta med:

ML/L | Gud, vi bed.

Som kyrkjelydssvar synges:

K | Gud, skap i oss tru, håp og handling.

Herre, høyr vår bøn. (Amen.) (Alt. 7)

Kyrkjelydssvaret kan ved særlege høve lesast.

Forbøna blir innleidd slik:

L/ML | Lat oss be for kyrkja og verda.

Anten:

Forbøn 4

L/ML | Vår Far i himmelen:

Takk for at du skapte oss og jorda vi bur på.

Takk for at du kjenner og elsker oss alle.

Hjelp oss til å ta vare på kvarandre

og på alt du har skapt.

Gud, vi bed.

Kyrkjelydssvar:

K | Gud, skap i oss tru, håp og handling.

Herre, høyr vår bøn.

L/ML | Kjære Jesus:

Du kom til jorda og vart menneske som oss.

Du fann vener du kunne gleda deg saman med

og gråta hos.

Takk for evna vår til venskap.

Lat alle menneske finna nokon dei kan stola på.

Du har vist oss at kvart einaste menneske er viktig

og verdifullt.

Ver hos alle som lid.
Lær oss å kjempa mot undertrykking og urett.
Gud, vi bed.

Kyrkjelydssvar:

K | Gud, skap i oss tru, håp og handling.
Herre, høyr vår bøn.

L/ML | Gode Heilage Ande:
Du har kalla oss til å vera di kyrkje.
Kom til oss med dine gåver,
så vi kan vera lys og salt i verda.
Vis oss vegen vi skal gå,
og gjev oss vilje og kraft til å gå han.
Gud, vi bed.

Kyrkjelydssvar, siste gong:

K | Gud, skap i oss tru, håp og handling.
Herre, høyr vår bøn. (Amen.)

Eller:

Aktuell forbøn med lokal utforming

Når ein ynskjer det kan liturg eller andre formulera ein forbøn til den aktuelle gudstenesta.
Forbøna kan disponerast etter temaområda nedanfor. (Når bøna skal utformast, er det nødvendig å gjera eit utval, eventuelt òg ta inn andre tema ut frå den aktuelle situasjonen og ut frå det preget ein vil at gudstenesta skal ha.
Ein kan også låne formuleringar frå andre bøner.)

1. Bøn for folk og nasjonar i verda

Menneske i naud: menneske ramma av ulukker og katastrofar, fattigdom, krig og konflikhtar.
Situasjonar i verda.
Fred og rettferd i verda.
Vern om menneskeverdet.
Vern om skaparverket.
Menneske med leiaransvar i verdssamfunnet.
Internasjonale organ og organisasjonar.

ML/L | Gud, vi bed.

Kyrkjelydssvar:

K | Gud, skap i oss tru, håp og handling.
Herre, høyr vår bøn.

2. Bøn for vårt land og folk

Menneske i naud: sjuke, einsame, menneske utsette for vald og overgrep, menneske ramma av ulukker, katastrofar og kriser.
Menneske med leiaransvar.
Oppvekstvilkår for born og unge.
Integrering og inkludering av ulike grupper.
Landet vårt og den rolla det har i verdssamfunnet.

ML/L | Gud, vi bed.

Kyrkjelydssvar:

**K | Gud, skap i oss tru, håp og handling.
Herre, høyr vår bøn.**

3. Den verdsvide kyrkja og kyrkja i vårt land

Den verdsvide kyrkja.

Misjon og diakoni.

Kyrkjelydens misjonsprosjekt.

Menneske som blir følgde på grunn av trua si.

Den norske kyrkja. Kyrkja i Noreg. Andre kyrkjesamfunn i Noreg.

Gudstenesteliv.

Trusopplæring. For konfirmantane.

Kultur. Musikk.

Kontakt og dialog.

Framgang for evangeliet. At menneske kjem til tru.

ML/L | Gud, vi bed.

Kyrkjelydssvar:

**K | Gud, skap i oss tru, håp og handling.
Herre, høyr vår bøn.**

4. Vår kyrkjelyd, familieane våre og staden vi bur på

Ellingsøy kyrkjelyd. Folket på Ellingsøya.

Døpte, konfirmentar, born, unge, eldre.

Dei som har leiaransvar i kyrkjelyden vår.

Frivillige.

Aktuelle planar og prosjekt.

Gudstenestelivet i kyrkja, diakoni og trusopplæring.

Kyrkjemusikk, kunst, kultur.

Enkeltmenneske, grupperingar, institusjonar.

Skular, barnehagar, aldersboliger og liknande.

Arbeidsplassar, familie, nære relasjonar, naboskap.

Alle som er saman i gudstenesta.

Menneske som har bede om forbøn.

Lokal forvaltarteneste.

Kall til tru og teneste.

ML/L | Gud, vi bed.

Kyrkjelydssvar:

**K | Gud, skap i oss tru, håp og handling.
Herre, høyr vår bøn.**

5. Aktuelle hendingar

Her eller under eit av punkta over.

Vidare kan følgje:

ML/L | Stilt vil vi no legge fram for deg det kvar av oss har på hjartet.

Stille bøn (10-20 sek).

Avsluttar med:

ML/L | Gud, vi bed.

Kyrkjelydssvar, siste gong:

K | Gud, skap i oss tru, håp og handling. Herre, høyr vår bøn. (Amen.)

Når det ikkje er dåp eller nattverd i gudstenesta, vert forbøna avslutta med:

Herrens bøn

A | Vår Far i himmelen.

Lat namnet ditt helgast.

Lat riket ditt koma.

Lat viljen din råda på jorda slik som i himmelen.

Gjev oss i dag vårt daglege brød,

og tilgjev oss vår skuld,

slik vi òg tilgjev våre skuldnarar.

Og lat oss ikkje koma i freisting,

men frels oss frå det vonde.

For riket er ditt og makta og æra i all æve.

Amen.

Som forbøn kan ein òg nytte Fredslitaniet – N13: 982.2 og 983.2, Litaniet (fastelitaniet) – N13: 980.2, og Fastekollekten.

Det er òg mogleg å ha bønemandring her eller under nattverdutdelinga.

18 | Takkoffer frå kyrkjelyden

Takkofferet vert som hovudregel samla inn i stolradene og på VIPPS (eller anna digital betalingsløyising). Dei som samlar inn takkoffer går fram til alteret, legg offerposane frå seg og blir ståande til etter takkebøna. Takkoffer vert normalt samla inn under salmen i ledd 19 (*offertoriesalmen*).

Dersom det ikkje er nattverd i hovudgudstenesta, kan ein synge ein salme medan takkofferet blir innsamla.

Ofringa blir da avslutta med:

L | Evige Gud, di er jorda og det som fyller henne. Alt vi eig høyrer deg til. Av ditt eige gir vi deg attende. Ta imot oss og gåvene våre i Jesu namn. Amen.

Liturgen går så vidare med ledd 23 under IV. SENDING.

III. NATTVERD

19 | Førebuing av måltidet

Nattverdsalme

Takkofferet vert samla inn her dersom det er nattverd i hovudgudstenesta.

Liturg tek på messehakel under salmen.

Nattverdsbordet blir dekkja. Liturg eller medliturg dekker av elementa som er gjort klart på disken og i begeret. Nattverdsselementa vert normalt sett på alteret før gudstenesta tek til og dekkja til med eigna klede.

Etter salmen blir ofringa avslutta med:

L | Evige Gud, di er jorda og det som fyller henne. Alt vi eig høyrer deg til. Av ditt eige gir vi deg attende. Ta imot oss og gåvene våre i Jesu namn. Amen.

20 | Takkseiing og bøn *

Nattverdsbøn D (Byggjer på Emmausforteljinga, Luk 24)

Helsing Prefasjonsdialog

L *syng eller seier* | Herren vere med dykk.

K *reiser seg og syng* | **Og med deg vere Herren.**

L | Lyft dykkar hjarte.

K | **Vi lyfter våre hjarte til Herren.**

L | Lat oss takka Herren vår Gud.

K | **Det er verdig og rett.**

Kyrkjelyden vert ståande.

Innleiande lovprising Prefasjon

Liturgen står bak alteret vendt mot kyrkjelyden (versus populum) og syng eller seier fram kyrkjeårsprefasjonen:

Advent

L | I sanning verdig og rett er det at vi alltid og alle stader takkar deg, allmechtige Gud, evige Far, ved Jesus Kristus, vår Herre, han som du sende til frelse for verda for å oppfylle dei lovnadene du gav folket ditt gjennom profetane. Ved han lovsyng englane din herlegdom, og di kyrkje i himmelen og på jorda prisar namnet ditt med samrøysta lovsong. Med dei vil vi òg blanda våre røyster og tilbedande syngja:

Jul og Maria bodskapsdag

L | I sanning verdig og rett er det at vi alltid og alle stader takkar deg, allmechtige Gud, evige Far, ved Jesus Kristus, vår Herre, han som for vår skuld vart menneske for at vi skulle bli dine born, frelste ut av mørkret og inn i ditt underfulle lys. Ved han lovsyng englane din herlegdom, og di kyrkje i himmelen og på jorda prisar namnet ditt med samsrøysta lovsong. Med dei vil vi òg blanda våre røyster og tilbedande syngja:

Openberringstida

L | I sanning verdig og rett er det at vi alltid og alle stader takkar deg, allmechtige Gud, evige Far, ved Jesus Kristus, vår Herre, han som openberra din herlegdom for verda, så den som følgjer han, ikkje skal vandra i mørkret, men ha lys og evig liv. Ved han lovsyng englane din herlegdom, og di kyrkje i himmelen og på jorda prisar namnet ditt med samrøysta lovsong. Med dei vil vi òg blanda våre røyster og tilbedande syngja:

Faste

L | I sanning verdig og rett er det at vi alltid og alle stader takkar deg, allmechtige Gud, evige Far, ved Jesus Kristus, vår Herre, han som elska oss og gav seg sjølv for oss, så han vart lydig til døden, ja, døden på krossen. Ved han lovsyng englane din herlegdom, og di kyrkje i himmelen og på jorda prisar namnet ditt med samrøysta lovsong. Med dei vil vi òg blanda våre røyster og tilbedande syngja:

Påske

L | I sanning verdig og rett er det at vi alltid og alle stader takkar deg, allmechtige Gud, evige Far, ved Jesus Kristus, vår Herre. Han er det rette påskelam, som har bore våre synder, og ved si oppstode har han sigra over døden. Ved han lovsyng englane din herlegdom, og di kyrkje i himmelen og på jorda prisar namnet ditt med samrøysta lovsong. Med dei vil vi òg blanda våre røyster og tilbedande syngja:

Helgetorsdag og søndag før pinse

L | I sanning verdig og rett er det at vi alltid og alle stader takkar deg, allmechtige Gud, evige Far, ved Jesus Kristus, vår Herre, han som fór opp til himmelen og no sit ved di høgre hand. Ved han lovsyng englane din herlegdom, og di kyrkje i himmelen og på jorda prisar namnet ditt med samrøysta lovsong. Med dei vil vi òg blanda våre røyster og tilbedande syngja:

Pinse

L | I sanning verdig og rett er det at vi alltid og alle stader takkar deg, allmechtige Gud, evige Far, ved Jesus Kristus, vår Herre, han som sit ved di høgre hand og har sendt Den heilage ande over vitna sine, så ditt folk kan jubla i glede og forkynna dine store gjerningar på mange tungemål. Ved han lovsyng englane din herlegdom, og di kyrkje i himmelen og på jorda prisar namnet ditt med samrøysta lovsong. Med dei vil vi òg blanda våre røyster og tilbedande syngja:

Treeiningstida

Anten:

L | I sanning verdig og rett er det at vi alltid og alle stadar takkar deg, allmechtige Gud, evige Far, ved Jesus Kristus, vår Herre, han som du sende til frelse for verda, for at vi ved hans død skulle få forlating for syndene og ved hans oppstode vinna det evige livet. Ved han lovsyng englane din herlegdom, og di kyrkje i himmelen og på jorda prisar namnet ditt med samrøysta lovsong. Med dei vil vi òg blanda våre røyster og tilbedande syngja:

Eller:

L | I sanning verdig og rett er det at vi alltid og alle stader takkar deg, allmechtige Gud, evige Far, ved Jesus Kristus, vår Herre. Han er det levande brødet som kjem ned frå himmelen og gjev verda liv, så den som kjem til han, ikkje skal svelta, og den som trur på han, aldri skal tørsta. Ved han lovsyng englane din herlegdom, og di kyrkje i himmelen og på jorda prisar namnet ditt med samrøysta lovsong. Med dei vil vi òg blanda våre røyster og tilbedande syngja:

Eller:

L | I sanning verdig og rett er det at vi alltid og alle stader takkar deg, allmechtige Gud, evige Far, ved Jesus Kristus, vår Herre, han som kom til oss med himmelriket og forkynnte den glade budskapet, så syndarar får sitja til bords i ditt rike. Ved han lovsyng englane din herlegdom, og di kyrkje i himmelen og på jorda prisar namnet ditt med samrøysta lovsong. Med dei vil vi òg blanda våre røyster og tilbedande syngja:

Eller:

L | I sanning verdig og rett er det at vi alltid og alle stader takkar deg, allmechtige Gud, evige Far, ved Jesus Kristus, vår Herre, han som gjorde oss til sine læresveinar og lova å vera med oss alle dagar så lenge verda står. Ved han lovsyng englane din herlegdom, og di kyrkje i himmelen og på jorda prisar namnet ditt med samrøysta lovsong. Med dei vil vi òg blanda våre røyster og tilbedande syngja:

Helgemessesøndag og martyrdagar

L | I sanning verdig og rett er det at vi alltid og alle stader takkar deg, allmechtige Gud, evige Far, ved Jesus Kristus, vår Herre, han som var Frelsar og førebilete for alle dine heilage som har fullført løpet og teke vare på trua. Ved han lovsyng englane din herlegdom, og di kyrkje i himmelen og på jorda prisar namnet ditt med samrøysta lovsong. Med dei vil vi òg blanda våre røyster og tilbedande syngja:

Heilag Sanctus

A | **Heilag, heilag, heilag er Herren Sebaot.**

All jorda er full av din herlegdom.

Hosianna i det høgste.

Velsigna vere han som kjem i Herrens namn.

Hosianna i det høgste.

(Allmenn serie 2 – ny melodi)

Nattverdsbøn

L/ML | Vi takkar deg, all miskunns kjelde. Du sende Son din. Han vart krossfest og stod opp frå dei døde. Han opna skriftene og openberra seg for venene sine då han braut brødet og gav dei.

L | No bed vi deg: Lat din heilage Ande koma over brødet og vinen, så auga våre blir opna, og vi kjenner han att som vår krossfeste og oppstandne Frelsar.

Innstiftingsorda Verba

Når liturgen syng eller seier fram orda, eller etter kvar del av innstiftingsorda, lyfter liturgen eller ein medliturg først brødet, deretter vinen.

L | Vår Herre Jesus Kristus, i den natta han vart sviken, tok han eit brød, takka, braut det, gav læresveinane og sa: Ta imot og et! Dette er min kropp som blir gjeven for dykk. Gjer dette til minne om meg.

L | Like eins tok han begeret etter måltidet, takka, gav dei og sa: Drikk alle av det! Dette beger er den nye pakt i mitt blod som blir utrent for dykk, så syndene blir tilgjevne. Kvar gong de drikk av det, så gjer det til minne om meg.

Her kan følgja:

L | Mysteriet i trua er stort.

A | **Kristus døydd. Kristus stod opp. Kristus skal koma att. Han vere ære for kjærleiken som er sterkare enn døden.**

L/ML | Heilage Gud, fyll oss med din Ande. Gjev oss brennande hjarte, så vi i undring og glede tek vare på ordet ditt og viser miskunn mot den som lid. Bli hos oss, også når vi tvilar og sørgjer. Gå med oss, inntil sagn og smerte har vike for evig jubel og lovsong.

Herrens bøn

Blir normalt sagt fram, men kan også bli sunge.

L/ML | Saman med alle dine barn ber vi bøna Son din har lært oss.

A | **Vår Far i himmelen.**

Lat namnet ditt helgast.

Lat riket ditt koma.

Lat viljen din råda på jorda slik som i himmelen.

Gjev oss i dag vårt daglege brød,

og tilgjev oss vår skuld,

slik vi òg tilgjev våre skuldnarar.

Og lat oss ikkje koma i freisting,

men frels oss frå det vonde.

For riket er ditt og makta og æra i all æve.

Amen.

21 | Nattverdsmåltidet *

Kyrkjelyden står heilt til dei første går fram til nattverden.

Fredshelsing Pax

L | Guds fred vere med dykk.

K | **Guds fred vere med deg.**

Du Guds Lam Agnus Dei

A *syng* | **Du Guds Lam, som ber all verdsens synder, miskunna deg over oss.**

**Du Guds Lam, som ber all verdsens synder,
miskunna deg over oss.**

**Du Guds Lam, som ber all verdsens synder,
gjev oss din fred.**

(Allmenn serie 2 – ny melodi)

L | Kom for alt er gjort ferdig.

Utdeling

Som hovudregel praktiserast kontinuerleg nattverd – intinksjon eller særkalker. Ein knele eller står framfor alteret ved mottaking av brød og vin. Sjølv om hovudpraksis er kontinuerleg nattverd, er det ynskjeleg at ulike praksisar vert nytta gjennom året.

Utdelingsorda lyder slik:

L | Kristi kropp, gjeven for deg.

ML | Kristi blod, gjeven for deg.

Dei som kjem fram og viser at dei ikkje skal ta imot nattverden, blir velsigna av den som ber brødet:

L | Herren velsigne deg og vare deg og føre deg til det evige livet.

Ev.: Gud velsigne deg og vare deg.

Dersom det er utdeling med felles knefall, kjem fredssønsket anten etter kvart knefall eller til slutt.

Etter utdelinga:

L| Den krossfeste og oppståtte Jesus Kristus har no gitt oss sin heilage lekam og sitt dyre blod som han gav til soning for alle våre synder. Han styrke oss og halde oss oppe i ei sann tru til det evige livet.

Dersom orda ikkje er sagt som avslutning ved kvart knefall:

L| Fred vere med dykk.

22 | Avslutning av nattverden *

Alteret vert rydda. Beger og disk blir dekte med nattverdsklede.

Takkebøn

L/ML | Lat oss takka og be.

L/ML | Vi takkar deg, himmelske Far, for dine velsigna gåver. Vi bed at du ved desse gåvene vil halde oss fast på deg, sameina oss i din kjærleik og stadfesta i oss håpet om det evige livet, for Jesu Kristi skuld.

K | **Amen.** (Alt. 1)

Ved særlege høve, når ein tenkjer det er riktig, kan Alt. 2 nyttas:

L/ML | Vi takkar deg, visdoms Gud, for den djupe løyndomen i ditt måltid: Brødet vi har brote, er eitt. Son din har gjeve sitt liv for éi verd og éi menneskeslekt.

Vi bed deg:

A | **Hjelp oss å høyra det ropet du har høyr, å sjå den nauda du har sett, og å elska nesten vår som oss sjølv.**

IV. SENDING

23 | Salme

Kyrkjelyden står under salmen.

Salmen kan evt. flyttast til postludium/utgangssalme.

24 | Velsigning

Lovprising Benedicamus

L/ML *syng eller seier* | Lat oss prisa Herren.

K *reiser seg og syng* | **Gud vere lova. Halleluja. Halleluja. Halleluja.**

I fastetida blir velsigninga innleidd slik:

L/ML | Ta imot velsigninga.

L *syng eller seier* | Herren velsigne deg og vare deg. Herren late sitt andlet lysa over deg og vere deg nådig. Herren lyfte sitt åsyn på deg og gje deg fred. +

K | **Amen. Amen. Amen.**

Tre gonger tre bøneslag

Etter bøneslaga set kyrkjelyden seg.

25 | Postludium

Som hovudregel blir kyrkjelyden sitjande under postludiet og utsendingsorda seiast derfor etter postludiet.
Ved særlege høve kan utsendingsorda kome før postludiet.

26 | Utsending *

L/ML | Gå i fred. Ten Herren med glede.

Når ein tenkjer det er riktig, kan utsendingsorda lyde:

Gå i fred. Kvil i Guds nåde.

Det er ynskjeleg at prest/liturg går til våpenhuset (evt. like innanfor våpenhuset) etter utsendingsorda for å helsa kyrkjelyden på veg ut.

Gjerne summera opp kunngjeringane skriftleg på skjerm etter gudstenesta, dersom skjerm blir nytta i gudstenesta.